

Saksbehandlar: Guro Høyvik, Kulturavdelinga
 Sak nr.: 13/6410-34

Desentralisert ordning for tilskot til lokale kulturbygg 2014 - fordeling av tilskot

Fylkesdirektøren rår hovudutval for kultur til å gjere slikt vedtak:

Tilskot til kulturbygg for 2014 vert fordelt slik:

1401 0043 01	Flora samfunnshus	kr. 2 217 000
1411 0005 04	Brandangersund samfunnshus	kr. 729 000
1411 0009 02	Byrknesøy samfunnshus	kr. 535 000
1419 0033 01	Ungdomshuset Leikvang	kr. 1 020 000
1426 0043 02	Josvang ungdomshus	kr. 140 000
1438 0078 02	Ungdomshuset Vidsyn	kr. 302 000
1449 0072 01	Aldaheim	kr. 211 000
1449 0088 01	Vardehall	kr. 456 000
Sum		kr. 5 610 000

Vedlegg:

1. Retningslinjer for tildeling av midlar til lokale kulturbygg
2. Brev frå Kulturdepartementet, med melding om tilskot, 30.06.2014.

Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. Søknadar

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Stortinget har ved handsaminga av St.meld. nr. 48 (2002-2003) Kulturpolitikk fram mot 2014 sett i verk ei desentralisert ordning for tilskot til kulturhus og ei ordning om tilskot til regionale møteplassar og formidlingsarenaer for kultur, jf. Innst. S. nr. 155 (2003-2004). Ordninga vert finansiert med delar av overskotet frå Norsk Tipping, spelemidlar. Kulturdepartementet administrerer ordninga, og fylkeskommunane har ei sentral rolle då forvaltningsoppgåvene knytt til ordninga er delegert til regionalt nivå. Departementet fordeler tilgjengelege midlar til fylkeskommunane. Vi handsamar innkomne søknadar og vedtek fordelinga av midlane. Sogn og Fjordane fylkeskommune har vedteke eigne retningslinjer som kjem i tillegg til dei statlege føringane.

Hovudutval for kultur vedtok i møte 28.05.2013 nye fylkeskommunale retningslinjer for desentralisert ordning for kulturbygg. For 2014 var fristen for kommunane å sende inn søknader

sett til 30.04., i tråd med retningslinene. I notat til hovudutval for kultur sitt møte 17.06.2014 orienterte fylkesdirektøren om at saka vart lagt fram til politisk handsaming i møte 23.09.2014. Bakgrunnen for dette var at søknadane samla sett hadde mange manglar, og ingen av dei kunne godkjennast slik dei låg føre då dei vart sende inn.

2. Årets søknadar og omfang av rammetilskot

Det har i år kome inn 9 søknadar. Det er 2 fleire enn i 2013.

I brev frå Kulturdepartementet, datert 30.06.2014, har vi fått melding om at Sogn og Fjordane har fått tildelt kr. 4 291 239 i rammetilskot for 2014. Dette er 120 441 kroner mindre enn i 2013; ein reduksjon på om lag 2,7%.

Løyvde, men ikkje utbetalte midlar, står på eigen konto. Departementet krev at rentene frå desse vert lagt til ramma for tildeling. Opptente rentemidlar for 2013 er kr. 61 410,33. Etter tildelinga i 2013 stod det att kr. 1 986 615,70 som ikkje vart løyvd. Desse midlane vart lagt til ramma i 2014. Det er såleis kr. 6 339 265,03 til disposisjon til fordeling i år.

3. Oversyn over søknadane

Alle dei 9 søknadane er nye av året. Tre av søknadane vart sende inn etter fristen 30.04.2014, ein av desse etter avtale på grunn av at ein venta på handsaming i kommunestyret.

Anl. nr.	Namn	Kommune	Første søknad	Søknadssum
1401 0043 01	Flora samfunnshus	Flora	2014	kr. 2 217 000
1411 0005 04	Brandangersund samfunnshus	Gulen	2014	kr. 729 000
1411 009 02	Byrknesøy samfunnshus	Gulen	2014	kr. 535 000
1419 0033 01	Ungdomshuset Leikvang	Leikanger	2014	kr. 1 020 000
1426 0043 02	Josvang ungdomshus	Luster	2014	kr. 140 000
1429 0065 01	Ljosheim forsamlingshus	Fjaler	2014	kr. 125 000
1438 0078 02	Ungdomshuset Vidsyn	Bremanger	2014	kr. 302 000
1449 0072 01	Aldaheim	Stryn	2014	kr. 211 000
1449 0088 01	Vardehall	Stryn	2014	kr. 456 000

4. Vurdering av søknadane

Tiltaka i årets søknadar er ulike, men gjeld hovudsakleg rehabilitering av eldre bygg, tilbygg til eldre bygg, tilrettelegging som gjev betre funksjon for brukarane av huset og også nokre ENØK-tiltak. Det er søkt om tilskot til eit stort kulturbygg, der ein har sett søknadssummen i tråd med retningslinjene for eit kulturbygg med regional funksjon. Elles er det søkt om tilskot til lokale kulturbygg som er viktige i sitt nærmiljø. I hovudsak er tiltaka er i tråd med dei typane tiltak som den desentralisere ordninga for kulturbygg skal dekke. Nokre søkjarar har fått tilbakemelding om at delar av tiltaka dei har søkt om tilskot til ikkje er omfatta av denne ordninga, og totalkostnad og søknadssum er justert i desse søknadane.

Mange av tiltaka er starta opp før søknaden er sendt inn, og nokre er ferdigstilt. Den totale søknadssummen i år er lågare enn ramma vi har til tildeling og fylkesdirektøren tilrår difor at det vert tildelt tilskot til alle tiltaka. Dersom vi i kommande år får ein total søknadssum som er

høgare enn ramma vi har til fordeling må det vurderast kva type tiltak ein skal løyve midlar til, ut frå kriteria i punkt. 2.1. i retningslinjene, men også om ein skal prioritere nye tiltak framfor eldre og ferdigstilte tiltak.

Alle søknadane hadde større eller mindre manglar då dei vart sende inn, og dette var bakgrunnen for at den politiske handsaminga av saka vart utsett frå hovudutvalet sitt møte i juni til møtet i september. Ny dokumentasjon har blitt sendt inn frå søkjarane og søknadane er vurderte på nytt.

På same måte som i 2013 syner årets søknadar at det kan vere eit behov for kompetanseheving blant mogelege søkjarar. Samstundes ser det ut til at dei nye retningslinjene for ordninga har gjort det enklare for søkjar å levere ein søknad som inneheld rett dokumentasjon og vedlegg. Ein av grunnane til at søknadane har mange manglar kan vere at det ofte er nye søkjarar for kvart år, og at ein difor ikkje har kjennskap til kva dokumentasjon som trengst for å få søknaden godkjend. I år er alle søknadane nye. Framleis bør Sogn og Fjordane fylkeskommune, som regional utviklingsaktør, ha eit mål om å auke kvaliteten på søknadane og med det m.a. redusere arbeidet i tida mellom søknadsfrist og politisk handsaming. Dette kan ein oppnå gjennom kompetansehevande tiltak. Hausten 2014 er kulturavdelinga invitert til å delta på «Huset i bygda» sin konferanse 8. november for å halde eit innlegg om denne stønadsordninga.

4.1 Prosjekt som vert tilrådd midlar

1401 0043 01 Flora samfunnshus

Flora kommune søker om tilskot til rehabilitering av kino- og teatersalen. Salen blir nytta til kino, konsertar, teater, revy, møter og konferansar. Samfunnshuset vart opna i 1978 og det er behov for rehabilitering av lokala. Flora samfunnshus søker om tilskot etter satsen for «kulturbygg med regional funksjon» i retningslinjene, punkt 2.5.3. Fylkesdirektøren vurderer Flora samfunnshus til å vere eit kulturbygg som oppfyller krava til denne definisjonen. Godkjend totalkostnad er kr. 6 650 000. Godkjend søknadssum er 2 217 000.

1411 0005 04 Brandangersund samfunnshus

A/L Brandangersund samfunnshus søker om tilskot til ei større rehabilitering av Brandangersund samfunns. Huset var ferdigstilt i 1960. Prosjektet inneheld skifte av vindauge og isolering av ytterveggar som eit ENØK-tiltak, nye toalettfasilitetar innandørs med universell utforming, universell utforming av tilkomst til utvendige toalett. Vidare inneheld prosjektet skifte av gamle varmeomnar med varmekablar i kjøkken og toalett som eit energibesparande tiltak, og rehabilitering av kjøkkenet for å gjere det funksjonelt etter dagens krav og behov. Som ein del av tiltaka for toalett og kjøkken ligg det også inne ein del grunnarbeid. Godkjend totalkostnad er kr. 2 186 000. Godkjend søknadssum er kr. 729 000.

1411 0009 02 Byrknes samfunnshus

U/L Havgula søker om tilskot til bygging av ein ny hovudsal i Byrknes samfunnshus. Samfunnshuset vart bygd i 1958, og eksisterande sal er for liten i høve til dagens bruk. Godkjend totalkostnad er kr. 2 800 000. Godkjend søknadssum er kr. 535 000.

1419 00033 01 Ungdomshuset Leikvang

Leikanger ungdomslag søker om tilskot til eit tilbygg til ungdomshuset Leikvang. Ut frå dagens bruk av huset er det behov for eit tilbygg til det eksisterande ungdomshuset. Det skal også leggjast til rette for nye brukargrupper, og tilbygget skal sikre tilkomst for rullestolbrukarar og samle nødvendige funksjonar i hovudetasjen (universell utforming). Samstundes er dette eit tiltak for å redusera energiforbruket i bygget, ein skal byggje eit nytt og moderne kjøken i hovudetasjen, byggje nye og moderne toalettfunksjonar i hovudetasjen og få eit fleifunksjonsrom i tilknytning til scena, eit møte- øvingsrom/teatergarderobe. Godkjend totalkostnad er kr. 3 060 000. Godkjend søknadssum: 1 020 000.

1426 0043 01 Josvang ungdomshus

Indre Hafslo bygdelag søker om tilskot til ENØK-tiltak i Josvang ungdomshus. Ungdomshuset er frå 1937, med påbygg frå 1972. For å kunne nytte storesalen heile året vil bygdelaget etterisolere taket i salen, i tillegg til å installere ny elektrisk oppvarming og taklys. Det skal også

monterast ei varmepumpe i salen slik at ein kan ha grunnvarme heile vinteren. Godkjent total kostnad: kr. 419 000. Godkjend søknadssum: 140 000.

1438 0078 02 Ungdomshuset Vidsyn

Havdur ungdomslag søker om tilskot til skifte av tak og vindauge i ungdomshuset Vidsyn. Vidsyn vart teke i bruk i 1958, og ein ynskjer å rehabilitere kulturbygget ved å skifte taket og vindauge i to av veggane slik at huset kan brukast på ein god måte. Godkjent total kostnad er kr. 906 000. Godkjend søknadssum er kr. 302 000.

1449 0072 01 Aldaheim

Olden ungdomslag søker om tilskot til renovering av Aldaheim, skifte av tak og vindauge. Taket er frå 1968 og utan undertak, noko som fører til lekkasjar når det er nedbør og sterk vind. Taket er i eternit, og søker ynskjer også å skifte tak ut frå miljøomsyn. Vindauga er frå 1972 og har eit stort varmetap. Ungdomslaget vil skifte vindauga som eit ENØK-tiltak. Godkjend total kostnad er kr. 634 000. Godkjend søknadssum er 211 000.

1449 0088 01 Vardehall

Rake grendelag søker om rehabilitering av kulturbygget Vardehall. Rake grendelag har over tid utført ei stor rehabilitering av Vardehall, og det meste av tiltaka er ferdigstilt. Det er søkt om spelemidlar til delar av tiltaka i 2009 og 2010, men ut frå gjeldande retningslinjer fekk søknadane avslag då. Søknadane gjaldt då skifte tak, vindauge og ytterdører. Grendelaget søkte på nytt i 2011, og fekk tilbakemelding om at tiltaka måtte vurderast etter dei nye retningslinjene som skulle utarbeidast. Grendelaget sende ikkje inn søknad i 2012 og 2013. Ut frå dei nye retningslinjene for ordninga som vart vedteke i 2013 og tilbakemeldinga til søknaden i 2011 tilrår fylkesdirektøren at ein godkjenner søknaden i denne søknadsrunda og løyver tilskot til dei omsøkte tiltaka. Godkjend total kostnad er kr. 1 369 000. Godkjend søknadssum er kr. 456 000.

4.2 Prosjekt som ikkje vert tilrådd midlar

1429 0065 01 Ljosheim forsamlingshus

Forsamlingshuset Ljosheim søker om tilskot til tiltak som gjev universell utforming i Ljosheim, HC-toalett i første etasje og nytt inngangsparti. Reglane for bruken av huset stettar ikkje krava i retningslinjene fastsett av Kulturdepartementet, punkt 1.2... Søknaden manglar dokumentasjon på tilskot frå Sparebankstiftinga Fjaler, kr. 20 000. Elles er det ikkje spesifisert kva arbeid som skal gjerast på dugnad.

4.3 Attståande midlar

Ut frå fylkesdirektøren sine tilrådingar i saka står det att kr. 729 265,03 frå årets fordeling. Av desse er kr. 61 410,33 rentemidlar frå 2013. Midlane er tilgjengeleg for ev. klagesaker og vert elles lagt til ramma til fordeling i 2015.

5. Konklusjon/tilråding

Fylkesdirektøren har i tråd med gjeldande retningslinjer lagt vekt på tildeling av tilskot til kulturbygg som er viktige i sine lokalmiljø, og som samlar ulike kulturaktivitetar. Tiltak retta mot universell utforming og ENØK-tiltak har høg prioritet.

Fylkesdirektøren rår til vedtak i tråd med tilråding.